

## Sikkerheits-Sigrid

**«Sikkerheit er det viktigaste i verda. Det kan aldri bli for sikkert»**

Sikkerheits-Sigrid meiner sikkerheit alltid må vere i førarsetet. Ho forstår ikkje at sikkerheit for sikkerheita si skuld kan vere eit hinder for å levere gode tenester.



## Råtne Ronny

**«Det viktigaste er å ikkje ta på seg ansvar og å skulde på andre»**

Råtne Ronny meiner at det viktigaste er å unngå å få ansvar for oppgåver. Han meiner at andre gjer jobben utilfredsstillande og kritiserer opent.



## Effektive Emanuel

**«Det viktigaste er trass alt å få jobben gjort. Krav som er i vegen for min effektive arbeidskvardag gidd eg ikkje å følgje»**

Effektive Emanuel opplever ofte sikkerheit som eit hinder. Han forstår ikkje at sikkerheit kan vere eit verkemiddel for å levere betre tenester.



## Integritets-Ivar

**«Det viktigaste er opplysningane sin integritet. Dersom vi ikkje er sikre på at informasjonen vår er korrekt, kan vi like godt leggje ned verksemda»**

Integritets-Ivar meiner at opplysningar alltid må vere rette, ein må vite kvar dei kjem frå, og kven som har gjort kva for endringar. Dette gjeld uavhengig av kostnad og tidsbruk.



## Lojale Lillian

**«Det viktigaste er å følgje pålegg frå leiinga. Retningslinjene er nok laga for ein grunn...»**

Lojale Lillian stiller aldri spørsmål ved ein regel eller eit vedtak frå leiinga. Kjem det frå leiinga skal det alltid følgjast til punkt og prikke, sjølv om det gjer arbeidskvardagen vanskeleg og resultatet dårleg.



## Unike Ulla

**«Eg forstår godt kvifor vi har innført desse reglane, men dette kan ikkje gjelde for meg»**

Unike Ulla har alltid behov for særlege tilpassingar. Same kor mykje regelen er basert på kompromiss vil Ulla alltid oppleve seg som så spesiell at reglane ikkje vil passe for henne.



## Lite endringsvillige Ludvik

**«Det har ikkje vore noko problem til no, så kvifor skal vi endre noko?»**

Ludvik meiner at alt fungerer fint slik det er no, og at det svært sjeldan er behov for endring. Endringar er slitsamt, vanskeleg og tungvint.



## Konfidensialitets-Kari

**«Det viktigaste er å ta godt vare på opplysningane vi sitt med. Det MÅ ikkje lekke ut noko»**

Konfidensialitets-Kari er opptatt av teieplikt. Ho trur at det å sikre konfidensialiteten er det einaste som er viktig for å ivareta brukarane sin tillit og omdømmet til verksemda.

